



Felleskjøpet ved S.O.Ølvestveit fekk Målblomen i fjor av mållagsleiar Kristian Bringedal(Foto: Ola Matti Mathisen9

**Fylkeskvedar Reidun Horvei kjem til årsmøte i Kvinnherad mållag søndag.
Eit anna høgdepunkt er utdelinga av Målblomen.**

Horvei har i år 20års jubileum som fylkeskvedar og har arbeidd innan folkesong i alle kommunane i Hordaland. Mykje av arbeidet hennar er samla i bokverket Folkesongar i Hordaland på Samlaget.

Her har ho dokumentert folkesongar frå fylket med tekstar, notar og CD. På møte i Kvinnherad mållag legg ho vekt på folketonar som ein viktig del av vår lokale og nasjonale kulturarv. Kunnskap om tradisjonen er viktig og det å skapa identitetskjenne og forståing om eldre tid er vesentleg.

På årsmøte vert Målblomen 2012 tildelt ei verksemd som medvite brukar nynorsk i lysingar,marknadsføring og profilering. I 2011 fekk Felleskjøpet Målblomen. Styret har framlegg til ei verksemd som fortener tildeling i år.

Medlemer og andre interesserte er velkomne til årsmøte i Kvinnherad mållag, på Malmanger skule på søndag. Mållaget er i medvind, berre i Uskedalen har medlemstalet auka frå 3 til 10 på stutt tid.